



Det vert arrangert turar i dei vakre Uskedalsfjella under Festidalen.(Foto, april 2003)

Vi har tidlegare skrive at Kvinnherad turlag skal arrangera tur til Englafjell laurdagen under Festidalen. No er det også gjort kjent at det vert tur til Geitadalstinden dagen før. I tillegg vil det aktive turlaget vårt arrangera introduksjonskurs i kajakkpadling laurdagen Festidalen-helga 4-6.august.

Også i fjor arrangerte Kvinnherad turlag tur til Geitadalstind under Festidalen. Då deltok 23 på turen og det var etter det vi kjenner til berre ein deltakar som hadde vore på toppen tidlegare. Det var både fastbuande kvinnheringar og tilreisande blant deltakarane. Trass i skodde som reduserte sikten noko, nådde alle toppen med glans og turen vart ein suksess. På forsommaren treffe eg ein av deltakarane frå Bergen att, og ho fortalde at ho hadde blitt så begeistra på den turen at ho hadde bestemt seg for å gjera turen om att i klarver. Ho tok med seg 3 venninner, og dei fekk seg ei fantastisk oppleving i mai i år.

Kjell Yri (tlf. 488 93 150)var turleiar på Geitadalstind-turen i fjor. Han vert det også i år saman med Steinar Kroka.

Turleiarar på Englafjells-turen vert Mari Teigen Varanes (tlf. 95275277) og Martha Sofie Teigen Varanes. Instruktørar på kajakkurset vert Øyvind Hatteberg og Sverre Myklebust (tlf. 90187436).

Påmelding vert gjort på Kvinnherad turlag si heimeside. Klikk [HER](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Harald Sætre